# Kulturkalenderen – Mai 2011

surnadal kulturhus

**Salg av billettar i resepsjonen på kulturhuset.**
**Alle dagar – 24.t. – tlf. 71 65 71 00**
**Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08**
**Billettsalg på nett: www.surnadal-kulturhus.no**
**E-post: post@surnadal-kulturhus.no**



SURNADAL SKOLEKORPS



RØDHETTE OG ULVEN




FAST AND FURIOUS




PIRATES OF THE CARIBBEAN

VÅRSØG HOTELL
SURNADAL

www.varsog-hotell.no



# På Kino

## Aktuelle filmar i mai




### JØRGEN + ANNE = SANT

*Barnefilm  1 t. 26 min.  7 år*

Anne Lunde går i 5. klasse og forelskar seg i den nye guten i klassen som heiter Jørgen Ruge. Men når den penaste jenta på skulen også forelskar seg i den nye innflyttaren, tilspissar situasjonen seg. Vinnarsjansane er kanskje ikkje på sida til Anne, men Jørgen Ruge skal bli kjærasten hennar. Sjølv om nokre vaksne ikkje trur ein kan bli skikkeleg forelska når ein berre går i femte klasse, så veit Anne betre. For det kan ein! Kritikarrost og populær barnefilm.




### KONGENS TALE

*Drama  1 t. 59 min.  Alle*

Albert (Colin Firth), som går under namnet Bertie innanfor familien, slit med alvorleg stamming. Samstundes stiller det britiske kongehuset spørsmål om evnene hans som tronarving. Dei språklege problema hans blir hemmelege for utsida, men blir avslørt når han ein dag må halde den første offentlege talen.

Når den eldste broren i 1936 seier frå seg trona etter at faren døyr, seier Bertie motvillig ja til å bli konge i det britiske riket. Han tek namnet Kong Georg VI.

Stort britisk drama av beste merke.



### FAST AND FURIOUS

*Action  2 t. 10 min.  15 år*

I Fast and Furios Five blir Vin Diesel og Paul Walker gjenforent med dei andre stjernene frå kvart kapittel av den adrenalinfylte actionfilmserien. Denne gongen slår ekspolitimannen Brian O'Conner (Paul Walker) seg saman med eksfangen Dom Toretto (Vin Diesel) - sjølv om dei er planta på kvar si side av lova. Nykommaren Dwayne Johnson får i dette ultimate kappløpet mot tida selskap av ei rekkje kjende fjes frå dei tidlegare filmane, som Jordana Brewster, Chris "Ludacris" Bridges, Tyrese Gibson, Sung Kang, Gal Gadot, Matt Schulze, Tego Calderon og Don Omar.




### RANGO (NO. TALE)

*Animasjon/Eventyr  1 t. 48 min.  7 år*

Frå regissøren av Pirates of the Caribbean kjem no Rango - eit komedieeventyr som tek deg med på ei hysterisk morosam og hjartevarmande ferd til det Ville Vesten. Når Rango ved eit uhell ender opp i westernbyen Dirt, oppdagar plutseleg den lite heltemodige øgla at han i aller høgaste grad skil seg ut. Innbyggjarane i byen ynskjer han velkommen som sitt aller siste håp, og før han veit ordet av det har han utnemd seg sjølv til Sheriff Rango. Han tek på seg rollen etter beste evne, heilt til ei rekkje actionpakka situasjonar og møter med diverse sprø typar forvandlar han til helten han alltid har drøymd om å være.




### GRÅTASS FÅR EN NY VENN

*Familiefilm  1 t. 29 min.  Alle*

Gråtass trivast og har det bra på garden saman med venene sine Goggen, Gamlefar og Grynet, men av og til føler han seg einsam sidan han er den einaste levande maskina på garden og ikkje kan røpe det for dei andre. Når Grynet får problem med fuglane som et på jordbæra hennar, hugsar Gråtass at han har sett ei teikning av eit heilautomatisk, strømdrevet og sjølvgåande fugleskremsel. Denne teikninga finn han i oppfinnarmappa til Onkel Georg som Goggen arva garden etter, og tenkjer at det hadde vært ein fin ven å ha.




### PIRATES OF THE CARIBBEAN: ON STRANGER TIDES 3D

*Eventyr*

Johnny Depp vender tilbake i si ikoniske rolle som Kaptein Jack Sparrow i ei handlingsmetta forteljing om sanning, forræderi, byrjing og slutt. Da Jack møter ei kvinne frå fortida (Penelope Cruz), er han ikkje sikker på om det er kjærleik, eller om ho er ei bedragerske som utnyttar han for å finne Ungdomskilda. Ho tvingar han ombord på Queen Anne's Revenge, skipet til den formidable piraten Svartskjegg (Ian McShane). Dermed er Jack midt i eit uventa eventyr der han ikkje veit kven han skal frykte mest: Piraten Svartskjegg eller kvinna frå fortida.

Kultur rabatt



# Aktivitetar

***1.5. 1. MAI-FEIRING.***
Som vanleg blir det feiring av 1. mai her på huset. Det blir hornmusikk og taler i foajeen. Kaffe og kaker.

***10.5. – 25.5. UTSTILLING MED KALLA SKRØVSETH.***
Kulturhuset vil i tida framover visa Kalla Skrøvseth sin mangfoldige kunstproduksjon. Kalla har rett nok sitt eige galleri, Kalla-stuå, der kunsten blir vist fram, men vi trur at enno fleire får gleda av å sjå kunstverka ved å bruka Finstuå på kulturhuset. Denne gongen blir det produksjonen hennar frå 50-talet og fram til ho avslutta på 90-talet. Det blir ei blanding av oljemalerier, mosaikk og pastellar.
Kalla Skrøvseth vart født i Surnadal i 1913, og døydde i heimkommunen sin i 1997. Ho var elev ved fleire målar- og kunstskular i inn- og utland. Ho har ein enorm produksjon bak seg, og arbeida er spreidde over heile Noreg og i andre land. Arbeida hennar varierer frå små pastellar til gigantiske altertavler. Motiva varierer frå enkle stemningar i nærmiljøet til sentrale symbol frå Bibelen. Kalla har hatt ei rekkje utstillingar, og i 1979 fekk ho fylkeskulturprisen i Møre og Romsdal.
Nevøen til Kalla, Nils Røv, vil stå for underholdninga under opninga.

***13.5. PEER – AV KNUT NÆRUM.***

- *Peer, du lyg!*
- *Nei, det gjer e ikkje, nu e du utrulig urettferdig, fy faen!*

Peer er ein løgnar og rotar seg borti problemer, også kalla kvinnfolk. Han er lat og udugeleg, og det er ingen i heile bygda som likar han, utanom mor hass, Åse. Ho er glad i han, sjølv om han skulle ha arbeid meir og tjent litt pengar for dem båe, sidan Åse ikkje akkurat er ung lenger. Men Peer er ein eventyrar med store draumar. Han kan jo bli kva som helst, for han er noko for seg sjølv, han er spesiell og kan gjera som han sjølv vil! Det er berre ikkje dei andre som sjer det!
Så skjer det noko med Peer, for ein dag kjem ei dråk til bygda, og ho heiter Solveig…
Dette er forteljinga som skikkelsen Peer Gynt, og hass flukt frå bygda, frå vanskelege jenter, gale menneskje, troll, og kanskje flyktar han egentlig frå seg sjølv? Dette bringar han ut i den store vide verda, kor han møter jenter, nye mennesker og nokre forunderlege skikkelsar.
Stykkjet er skreve av Knut Nærum, basert på orginalstykkjet Peer Gynt av Henrik Ibsen, tolka og framført av teaterklassen på Nordmøre Folkehøgskule med lærar Rolf Arne Berg.

***17.5. HURRA!***
17.mai toget marsjerer også i år inn på torget framom kulturhuset. Her blir det taler for dagen, før vi går inn til kaffe og kaker.

***25.5. RØDHETTE OG ULVEN.***
Kulturskolen på indre Nordmøre inviterar store og små til ei litt annleis framsyning om Rødhette og Ulven.
Dramagruppa lover spell og sprell og mykje humor. Velkomne!

***26.5. SURNADAL SKOLEKORPS.***
Surnadal Skulekorps held konsert i Storstuå. Dette held på å bli ein tradisjon, så her må publikum koma og støtta opp om dei unge musikarane.

***31.5. KUNSTUTSTILLING MED KULTURSKOLEN.***
Elevene har jobba med teikning og skulptur i ulike teknikkar i vårsemesteret. På den årlege sommerutstillinga får vi sjå det dei har laga.

***1.6. SOMMARKONSERT MED KULTURSKOLEN.***
Sommarkonsert med Kulturskolen sine elevar onsdag 1. juni kl 18.00. Dei avrundar skuleåret på tradisjonelt vis med musikk, song, drama og dans i Storstuå. Noko av det dei har arbeidd med i løpet av året blir vist fram.

BIBLIOTEKET

| Opningstider: | | |
|---|---|---|
| | Måndag og Onsdag | 11.00- 19.00 |
| | Tysdag og Torsdag | 11.00 -16.00 |
| | Fredag | 11.00 -15.00 |
| | Laurdag | 11.00 -14.00 |

Heimeside: http://www.surnadal- folkebibliotek.no
Tlf. 71659301 • Fax. 71659302
E-post: biblioteket@surnadal.kommune.no

Todalen filial: Torsdag 18.00-20.00

VÅRSØG
HOTELL
SURNADAL

## Skal du ha besøk av venner og familie no i vår?

**Vi har kjempegodt weekend-tilbod på overnatting fram til sommaren!
Bu frå fredag til søndag og få 20 % på begge netter.
Ordinær weekend-pris for dobbeltrom er kr. 1145,- pr. døgn inkl. frokostbuf-fet.**

**Du kan bestemme om du vil bu på vår, sommar, haust eller vinterrom.
Har vi ledig rom kan du og få bestemme motivet på bilete bak senga!
Ring 71657100 for booking!**







Snakk forsikring med oss som kjenner lokalmilj¿et.

VŒre autoriserte rŒdgivere tar gjerne en gjennomgang av forsikringsbehovet ditt.

GJENSIDIGE
Surnadal

Bes¿k oss i AMFI Surnadal
Tlf 03100
surnadal@gjensidige.no
www.surnadal-gjensidige.no

| | Dag | Dato | Kl | Forestilling | Sal | Alder | Tid | Dette skal eg på (Set X) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Veke 17 | **Søn** | **1** | **13.00** | **1. mai - feiring** | **Foaje/Torget** | **Alle** | | |
| | Søn | 1 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 1 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| Veke 18 | Ons | 4 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Ons | 4 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Fre | 6 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Fre | 6 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 8 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 8 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| Veke 19 | **Tys** | **10** | **18.00** | **Kunstutstilling – Kalla Skrøvseth** | **Foajeen** | **Alle** | | |
| | Ons | 11 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Ons | 11 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | **Fre** | **13** | **18.00** | **Peer– Teater** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Fre | 13 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Fre | 13 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 15 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 15 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| Veke 20 | **Tys** | **17** | | **17. mai – feiring** | **Heile huset** | **Alle** | | |
| | Ons | 18 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Ons | 18 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Fre | 20 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Fre | 20 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 22 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 22 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| Veke 21 | **Ons** | **25** | **12.00** | **Rødhette og ulven – teater** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Ons | 25 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Ons | 25 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | **Tors** | **26** | **19.00** | **Surnadal Skolekorps** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Fre | 27 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Fre | 27 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 29 | 18.00 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| | Søn | 29 | 20.30 | Kinoforestilling (sjå nettsida vår) | Kammerset | | | |
| V22 | **Tys** | **31** | **18.00** | **Kunstutstilling KIN** | **Finstuå** | **Alle** | | |

# *Faste arrangementer*

**Seniordansen; kvar tirsdag , 11.00 – 13.00**

**Tordenskjold Songlag; kvar onsdag, 19.00 – 23.00**

**Eldre hjelper eldre; kvar fredag, 11.00 – 13.00**

# *Mykje å gle seg til*

| | |
|---|---|
| **9.6. – 12.6.** | **Vårsøghelga** |
| **23.6. – 26.6.** | **Norsk laksefestival** |
| **26.8.** | **Bare Egil Band** |
| **2.9. – 4.9.** | **Plekterfesten** |

# Ut ein tur?



**Horisonten Restaurant**
Ny meny frå uke 18!!

17. mai er rett rundt hjørnet og vi dekker opp til fest.
Vi serverer ein flott buffet fra kl 13.00 – 17.00.

Pris pr vaksen; kr 350,-
Barn 4-12 år; 200,-
Barn 0-3 år; gratis

Hugs å bestille bord!

Åpningstider Lunch
Måndag – Fredag; 11.00 – 14.00

Åpningstider Kveld
Måndag – Torsdag; 18.00 – 22.00
Laurdag: 18.00 – 22.00
Søndag: 15.00 – 20.00

Hjarteleg Velkomen!

**Musters Pub:**
Endeleg vår og sykkelføre!
Ta sykkelen fatt og tråkk i veg til Musters Pub!
Deilige smårettar og god kaffe kan nytast i solveggen.

På søndag viser vi tippeligakamper på skjermen!

Åpningstider:
Måndag stengt
Tirsdag – Torsdag 19.00-24.00
Fredag 19.00 – 02.00 – 18 års aldersgrense på kveld.
Laurdag 13.00 – 02.00 – 20 års aldersgrense på kveld.
Søndag: 17.30 – 22.00

**Råkk**
Åpent kvar laurdag med DJ!

Frå kl 22.00 – 02.00 – 18 års aldersgrense.



*Billettbestilling kulturhuset 71 65 71 08 / 71 65 71 00 / www.surnadal-kulturhus.no*

*Bordbestilling hotellet 71 65 71 00*

Orkla Grafiske as / ☎ 72 48 23 20 / www.orklagrafiske.no